

Svar på spørsmål etter samling om individuelt tilrettelagt opplæring

Opplæringsloven § 11-6

Om ein kan bruke omdisponering inntil 25 % og utdanningval og arbeidslivsfag til alternativ opplæring, jf. det som står som merknad frå innstilling til §11-6.

For at enkeltelevar skal gjennomføre delar av opplæringa på ein alternativ opplæringsarena, må det ha heimel i opplæringslova. Gjeldande opplæringslov opnar ikkje for større bruk av alternativ opplæringsarena enn tidlegare lov. Reglane om omdisponering av inntil 25 % av timetalet i fag for enkeltelevar heimlar ikkje bruk av alternativ opplæringsarena. Utdanningskomiteen i Stortinget har bedt regjeringa om å tydeleggjere og auke handlingsrommet for å bruke alternative opplæringsarenaer. Det kan vi sjå som ei anerkjenning av at det kan vere behov for å gi enkeltelevar eit tilbud utafor skulen, utan at eleven treng vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. Dette er også omtalt i Stortingsmeldinga "En mer praktisk skole" ((Meld.St.34), som mellom anna drøftar bruk av alternativ arena. Det går fram der at regjeringa vil vurdere behov for endringar i regelverket som ein del av oppfølginga av Stortinget sitt anmodningsvedtak om alternativ arena. Det er per i dag ikkje foreslått eller vedtatt endringar i regelverket som opnar for bruk av alternativ arena i større omfang enn før.

Vi forhold oss derfor til gjeldande rett, og dei rammene som følger der når det gjeld bruk av alternativ opplæringsarena. Sjå også punkt 7.6 i Utdanningsdirektoratet sin rettleiing for tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging.

I faga utdanningsvalg og arbeidslivsfag kan elevane, innanfor den ordinære opplæringa, få opplæring ein annan stad enn skulen. Dersom eleven skal ha opplæring som avvik frå læreplanane for faga, må det heimlast i eit vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

Om det er endringar i ny opplæringslov når det gjeld opplæring i heimen, særleg med tanke på private skular

Også etter ny opplæringslov, er det lagt til grunn at kommunane i samband med langvarig sjukdom kan «vere forplikta til å gi opplæring ein annan stad enn på skolen, til dømes i heimen til eleven.» Dette er føresett i merknaden til oppl. § 2-1 i Prop. 57 L (2022–2023). Opplæring i heimen må vere knytt til eit vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. De kan lese meir om heimeundervisning og private skular her: [Privatskoler og hjemmeundervisning | udir.no](https://www.udir.no/privatskoler-og-hjemmeundervisning)

Om elevar som har ITO på barneskulen, må ha ny runde med utprøving i ordinær opplæring, før det blir utarbeidd sakkunnig vurdering

Skulen si plikt til å prøve ut tiltak i den ordinære opplæringa, gjeld ikkje dersom det er openbart at eleven også vil trenge ITO på ungdomsskulen. De bør derfor innhente sakkunnig vurdering før eleven er ferdig på barneskulen, slik at vedtaket er klart når eleven startar på ungdomsskulen.

Om kva som kan vere forsvarleg saksbehandlingstid frå sakkunnig vurdering til vedtak

Etter forvaltningslova § 11 a er det krav om at saker som gjeld enkeltvedtak skal avgjerast utan ugrunna opphald. Føresegna stiller krav, både til saksbehandlingstida og kva som er akseptable årsaker til opphald i saksbehandlinga. Det er vanskeleg å seie noko konkret om kva som kan vere forsvarleg saksbehandlingstid, sidan dette kjem an på den konkrete situasjonen. Saka må vere godt nok opplyst før det blir gjort vedtak i saka, jf. forvaltningslova § 17. Dersom skulen treng å hente inn fleire opplysningar, anten frå PPT, eller andre, blir saksbehandlingstida lengre, men opphaldet er ikkje «ugrunna». Dersom saka er godt nok opplyst, men skulen ventar med å gjere vedtak i saka, kan dette vere eit ugrunna opphald. Det er den totale saksbehandlingstida samla sett som avgjer om saksbehandlingstida er forsvarleg.

Om PPT skal timefeste personleg assistanse, når dei vurderer at det er behov for ITO, personleg assistanse, og fysisk tilrettelegging

PPT skal i den sakkunnige vurderinga gjere ei heilskapleg vurdering av den hjelpa eleven treng. Det kjem fram av opplæringslova § 11-8 at PPT skal ta stilling til kva tiltak som vil gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dette inneber at PPT må uttale seg om innhald, omfang og organisering av den individuelt tilrettelagte opplæringa. PPT må sjå dette i samanheng med den hjelpa eleven treng etter opplæringslova §§ 11-4 og 11-5. Etter vår vurdering må PPT derfor ofte uttale seg om innhald og omfang av den personlege assistansen, men berre i den grad det er nødvendig for å opplyse saka godt nok for den som skal gjere vedtaket.

Om alternativ opplæringsarena må komme fram av sakkunnig vurdering, eller om det er nok at dette kjem fram av vedtaket om individuelt tilrettelagt opplæring

Før kommunen/fylkeskommunen gjer vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (alternativ opplæringsarena), skal dei hente inn ei sakkunnig vurdering frå PPT, jf. opplæringslova § 11-7.

Etter vår vurdering *kan* kommunen/fylkeskommunen gjere vedtak om alternativ opplæringsarena utan at dette er tilrådd i sakkunnig vurdering. Men slike fråvik frå sakkunnig vurdering, kan etter opplæringslova § 11-7 berre gjerast, dersom eleven kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa på annan måte. Grunngevinga for dette skal komme fram av vedtaket. Dersom den sakkunnige vurderinga er skriven for opplæring på skulen, og inneheld tilrådingar om korleis opplæringa skal organiserast på skulen, vil det vere store avvik fra dette, om vedtaket går ut på at eleven skal få opplæring på ein alternativ arena

Forvaltningslova § 17 krev at saker skal vere så godt opplyst som mogeleg før det blir gjort vedtak. Dette kravet vil vere vanskeleg å oppfylle, dersom sakkunnig vurdering er skriven for eit anna opplæringstilbod (nærskulen), enn det kommunen gjer vedtak om (alt. arena). For å opplyse saka tilstrekkeleg vil det nok såleis i praksis vere nødvendig at PPT uttalar seg om denne måten å organisere opplæringa på.

Om grunnleggande ferdigheiter, og korleis ein kan forstå dette som individuelt tilrettelagt opplæring, og ikkje tilpassa opplæring. Ein skule skriv at dei får sakkunnig vurdering der det står at eleven skal følgje kompetansemål for trinnet, men at det er viktig at eleven jobbar ekstra med grunnleggande ferdigheiter

I den sakkunnige vurderinga skal PPT ta stilling til dei minstekrava som kjem fram av opplæringslova § 11-8. PPT skal mellom anna ta stilling til kvifor eleven ikkje har eller ikkje kan få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Her skal det komme fram kvifor PPT vurderer at tilpassa opplæring ikkje møter eleven sine behov for tilrettelegging. Når det gjeld grunnleggande ferdigheiter, må det komme fram kva for grunnleggande ferdigheiter det dreier seg om, og kvifor PPT vurderer at eleven treng slik hjelp som individuelt tilrettelagt opplæring. Det er viktig at den som skal gjere vedtaket innhentar supplerande opplysningar frå PPT, dersom dei ikkje har tatt stilling til alle minstekrava. Det same gjeld dersom det er utydeleg kva PPT tilrår.